

Fjellsportgruppe frå Stavanger er på plass i Uskedalen.

16.03.2018



DNT Stavanger si fjellsportgruppe er på plass i Uskedalen denne helga.

DNT Stavanger med si fjellsportgruppe er på plass i Uskedalen denne helga. 40 medlemer er innkvartert på Rabben Feriesenter og alt i dag gjekk turen delvis til Geitadalstind. Det er fyrste gongen fjellsportgruppa i Stavanger har lagt opp til ein tur av dette slaget. Nokre medlemer har rett nok vore i Kvinnhersfjella før, men elles er Uskedalen ei ny og spanande bygd å koma til.

Uskedalen.no møtte gruppa i 17 tida i dag, i solveggen i ei av hyttene på Campingen. Turleiar er Julie Jonstrup. Ho fortel at gruppa valde å snu halvvegs på turen mot toppen grunna mykje vind og snøråk. Planen var topptur til Geitadalstind med nedkjøring på vestsida. Ein avkorta tur førte til at gruppa fekk tid til ein tur til Rosendal for å gå på kafe.



Fjellsportgruppa er i oppstiginga mot Geitadalstind.

Kvar kveld kl. 21 samlast gruppa til møte. Her vert turen lagt for neste dag med vurdering av skredfare, ver, vind og føreforhold. På møte vert det bestemt kor turen skal gå dagen etter. Fjellsportgruppa i DNT Stavanger kjem attende til hausten. Då skal ein bu i telt og gå Bjørndalstraversen i Rosendal.

Gruppa handlar all mat og drikke lokalt. Det vert lagt vekt på sosialt samvære med grilling på kvelden.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Lena Frøyland/Kristian Bringedal



Ein del av gruppa kosar seg i solveggen på ei av hyttene på Rabben Feriesenter.